



Og så gjekk dei i vatnet!

I løpet av valkampen vart det utkjempa mange veddemål. Nokon måtte jo tapa, og for det måtte dei betala med bad i Opsangervatnet i dag kl.10. Alle dei 3 tapande politikarane som kom inn i kommunestyret, heldt løftet og stilte opp. Den einaste som melde forfall til badinga, vart heller ikkje kommunestyrerepresentant.

Valget av dag var perfekt! Såvidt plussgrader på morgonkvisten, og frostrøyken låg framleis utover Opsangervatnet då politikarane Kent A. Kjørsvik Petterson, Ove Lemicka, nye-ordføraren Peder Sjo Slettebø og redaktør Tomas Bruvik kom tuslande. Til sist kom også redaktør Håvard Sætrevik. Han var kanskje ekstra betenkt. Dei 3 tapa han hadde i veddemåla, hadde nemleg resultert i like mange dukkartar. Resten skulle berre ha ein kvar.

Stemminga var god frå første stund. Eit femtitals skodelystne publikummarar strøymde til. Minst 3 av dei var frå Uskedalen. Presis klokka 10 marsjerte dei 5 utpå moloen, og ein etter ein stupte dei uti. Om eg ikkje tek feil, var det Tomas Bruvik som hadde koreografien. Publikum humra og kosa seg medan politikarane meinte dei viste at dei var til å stola på. Det får vi håpa dei tar med seg til kommunestyresalen.

Kjekt var det, og Kvinnheringen har laga ein god video [som de finn her](#).



Blant dei mange publikummarane var det både uskedelingar og eit solid internasjonalt innslag!
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland